

Tilskot til trygg skuleveg og punktutbetring SØKNADSSKJEMA 2018

Søknaden skal sendast til hfk@hfk.no og merkast med: "Tilskot til trygg skuleveg og punktutbetring – søknad om tilskot (FTU/MISA) – ref. 2014/22680"

(Alle punkta skal fylast ut. Eitt skjema per tiltak)

Namn på tiltaket

FV 34 Skånøvik- Etne- Gang og sykkelveg ved Fije om lag 1 km frå Etne sentrum

Søkiar (kommune)

Namn: Etne Kommune

Adresse: Sjoarvegen 2

Postnr./stad: 5590 Etne

Org.nr.: 959435375

Kontonnr.: 32400969808

Prosjektnr.:3

Ressursnr.:

Administrativ kontaktperson på søkiar

Namn: Knut Erik Ebne

E-post: knut.erik.ebne@etne.kommune.no

Telefon: 90680791

Mobil:

Type tiltak	Planavklaring	Status og forankring	Type tiltak	Innmelding av tiltak
Kven er tiltaket retta inn mot?	Dersom tiltaket krev reguleringsplan, skal denne ligge ved på søknadstidspunktet.	Ferdig planlagde prosjekt vil verte prioritert. Kvar er tiltaket forankra?	Kva type tiltak er det?	Har kommunen tidlegare søkt om gjen- nomføring av dette tiltaket via tilskots- ordningar i Hordaland fylkeskommune? Kommunen har tidlegare søkt om oppgra- deringar av fv-34
Mjuka trafikkantar <input checked="" type="checkbox"/>	Ligg det føre godkjent reguleringsplan?	Ordførar	x-Langs skuleveg	
Møteulucker <input checked="" type="checkbox"/>	Ja -x	Kommunestyre	Punktutbet- ring	
Utforkøringsulucker	Nei		<i>(tiltak for å utbetra einsskide punkt på vegnettet)</i>	Meldte kommunen inn dette tiltaket i sin høyringsuttale til Investeringsprogram for fylkesvegnettet hausten 2017?
Anna (spesifiser un- der)		Trafikksikringsplan sidetal: Sjå vedlegg		

Omtale av tiltaket

FV 34 Skånøyvik- Etne- Gang og sykkelveg ved Fitje om lag 1 km frå Etne sentrum

Vegen på staden er svært smal. Dette er ei strekning der det er reguleringsplan for tiltaket som er å lage gang og sykkelveg . Området har bustader og det er mykje trafikk til frå sentrum av dei som bur i området, i tillegg til dei som kjører vidare mot Skånøyvik. Strekinga i denne søknaden er kategorisert som farleg skuleveg. Dette gjere at dei minste borna får skuleskyss heile året, medan dei større får for vinterhalvåret. Men utanom skuletid er det stor trafikk av born og unge som går og sykklar til frå aktivitetar nær Etne sentrum. Dette tiltaket vill gjere at dette vegstrøket vil verte betydeleg tryggare for folk i alle aldrar som vil bidra til at strekinga vil kunne nyttast meir til aktivitet som er bra for folkehelse. Tiltaket vil kunne bidra til at veggen vert sikker skuleveg slik at borna kan gå og sykle fritt til frå skulen, samt at ein unngår mykje foreldre kjøring til frå aktivitetar. Tiltaket vil difor være bra for det lokale miljøet.

Det er som sagt reguleringsplan som støttar tiltaket. Vi har snakka med grunneigaren som eig på den sida av veggen som dette tiltaket rårar i nær heile lengda. Han er positiv. For dette tiltaket seier kommunen seg villig til å bistå med grunnforhandling, samt kunne stå for oppmålingsforretning etter anleggets slutt.

Statens vegvesen må stå som byggherre for dette prosjektet. Statens vegvesen må planlegge prosjektet og lage anbud for dette.

Statens vegvesen må etter detaljplanlegging og etter anbudsrunde sjå til at kostnadene ikkje overskrider søknadsbeløpet for dette tiltaket. **Etne kommune kan ikkje være garantist for meirkostnader.**

Kommunen har ikkje avklara denne søknaden med Statens vegvesen i forkant.

- Vedlegg: Oversiktskart (eksempelvis M=1:50.000)
- Vedlegg: Situasjonskart (ikkje høgare målestokk enn 1:1000)

Sidan tiltaket vil kreve innsats frå Statens Vegvesen er ein avhengig av deira arbeidskapasitet til å lage anbudsdokumenter.

Tidsramme og framdriftsplan

Kan startast opp (åååå-mm-dd):

Pårekna avslutta (åååå-mm-dd): Juni 2019

Kan gjennomførast omgåande

Må lagast anbud

- Vedlegg: Skisse til framdriftsplan

Finansiering (alle beløp i kr eks mva)

Gjennomføring

Eventuell ferdigstilling i 2019

Tiltaket bør ferdigstilla i 2018. Let dette seg ikkje gjera, må det grunnleggjast her.

Dette er eit tiltak som vil ha svært stor innverknad for både mjuke og andre trafikantar på fv-34. Tiltaket sin kompleksitet vil nok kunne føre til at deler av utførselen vil måtte kunne skje i 2019. Vi er nå i mars. Etter at vi evt får positivt svar på denne søknad vil det snart gå nokre mnd med planleggingsarbeid før ein kan lyse ut anbud.

Totalkostnad for tiltaket (inntil 5 mill. kr.): Tiltaket er 330 m gang og sykkelveg. Ut frå våre vurderingar vil denne ha ein gjennomsnittkostnad på 11000 kr pr m. Dette vert då $11000 \text{ kr/m} \times 330 \text{ m} = 3630000 \text{ kr} + \text{mva } 907500 \text{ kr}$ som gir ein totalkostnad på kr 4537500 kr

Søknadsbeløp for tiltaket (inntil 100 % av totalkostnad): 4537500 kr

Kommunal eigenandel (beløp + prosent av totalkostnad): Kommunen kan vere behjelpelig med grunnfor-handling og oppmålingsforretningar i forhold til grenser.

Kryss av på **eitt** av alternativa:

Kommunen ønskjer at Statens vegvesen skal gjennomføre tiltaket.

Kommunen har skriftleg avklart med Statens vegvesen før søknaden er sendt inn, at Statens vegvesen skal gjennomføre tiltaket. Avklaring er lagt ved.


Kommunen skal sjølv ha ansvar for å gjennomføre tiltaket.

- Vedlegg: Eventuell avklaring med Statens vegvesen om byggherre-ansvar

Det vert med dette stadfesta at søkjar har lest og godteke vilkåra for tilskotsordninga, jf. invitasjonsbrevet av 16.02.2018.

23-18

Dato/stad


Underskrift ansvarleg søkjar

Skisse framdriftsplan

- Veke 17 Melding om godkjenning av søknaden.
- Vekene 17-23 Kontakt med vegvesen, oppstartsmøte fordeling av oppgåver. Detaljplanlegging.
- Vekene 20-23 Lage anbodspapir, utlysing. Grunnforhandling.
- Veke 27 Opning anbud. Vurdere om tiltaket let seg løyse innafor middlar løyvt til tiltaket. Evt søknad om ekstramiddlar, eller kansellering om ein ikkje har finansjering, evt val av entreprenør.
- Vekene 27-30 Klagefrist, sommarferie
- Vekene 30-37 Fordeling av oppgåver, oppstartsmøter, meldingar til arbeidstilsynet, kontakt kabeletatane (påvising), forskjellig forarbeid
- Veke 38 Oppstart arbeidet
- April 2109 Avslutning, overtaking av Vegvesenet. Oppmålingsforretninger med grunneigarar.

Utklipp frå trafikksikringsplanen vår.

21. Oppruste Fv.34 Etne - Skånevik. Idrettshall

Dette er eit tiltak som omfattar den delen av fylkesvegen som ikkje har vore prioritert i andre samanhengar. Ein stor del av området er plassert i «sone III» i kommuneplansamheng, og dette tilseier at det er lagt til rette for spreidd utbygging. Vegen er smal og svingete og har ikkje passering for to bilar. Området på Skåneviksstranda har eit stort potensiale for vidare utbygging, og i den samheng er det eit område som må prioriterast høgt.



Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Etne, 28.09.2017

Dykkar ref.: 2017/4336
Vår ref.: Arkivsaknr:17/1
Journalpostnr:17/9561
Arkiv: N - 000

Sakshandsamar:
OIV

Uttale frå Etne kommune til investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2029

Etne kommune registrerer at tidlegare innspel til planprogram for fylkesvegnettet ikkje har gitt vesentleg uttelling når det gjeld investeringar. Dette er lite tilfredsstillande når vi veit kor lite framkomeleg fylkesvegnettet er.

Etne er nemnt 5 stader i investeringsprogrammet:

- 1: Side 31- Fv 48 Skånevik – Flesjå – uavklart finansiering
- 2: Side 46- Fv 48 Kråkeskar tunnel – 12 mill. i perioden 2022 – 2025
- 3: Side 48- Skånevik Ferjekai – 6 mill. i 2019
- 4: Side 48 – Litledalen bru – 1 mill. i 2018
- 5: Side 53 – Tilbakebetaling av forskot fortau sentrum – idrettshall – 15 mill. tilbake i 2021

Det viktigaste prosjektet for Etne kommune er tatt inn med uavklart finansiering. Dette gjeld Fylkesveg 48 frå Skånevik sentrum og austover til Flesjå. Dette er ei strekke som er under regulering og planane skal vere ferdig rundt årsskiftet 2017/2018.

Etne kommune meiner at dette prosjektet bør inn i investeringsprogrammet i perioden 2018 – 2029. Viss ikkje dette skjer, vert prosjektet ikkje prioritert før ETTER 2029. Dette er svært nedslåande.

Det er svært viktig at det gode transporttilbodet med snøggåten til/frå Skånevik og Ølen vert oppretthaldt.

Dette er grunnleggande viktig når det gjeld kollektivtransporttilbodet innan Sunnhordland og gir passasjerane høve til å komma seg raskt til og frå Bergen og Flesland. Etne kommune er særst nøgd med at snøggåten i Sunnhordland skal marknadsførast som eit reiselivsprodukt langs heile ruta.

Fylkesveg 34 mellom Skånevik og Etne treng opprustning.

Etne kommune vil understreka at det er rimeleg at Fv 48 blir ein del av det overordna



vegnettet.


Elles er kommunen glad for dei andre prosjekta som er prioriterte i investeringsprogrammet, men det er ikkje til å underslå at Etne kommune er ein utkant i Hordaland som sjeldan vert prioritert i fylkeskommunal samanheng.

Frå Etne kommune si side er framleis Fv 48 høgast prioritert, då dette prosjektet er avgjerande for nærlingslivet i Skånevik.


Med helsing

Odd Inge Vestbø
Rådgjevar plan


KOPI: Ordførar Siri Klokkestuen
Rådmann Pål Nygård



07.03.2018
Malestokk 1:5000



07.03.2018
 Målestokk 1:2000
 Etne kommune



07.03.2018
Målestokk 1:5000
Etne kommune